

1 Fylkeskommunen - meir makt til borgarane

2 Ein Vestlandsregion

3

4 Venstre meiner at fylkeskommunen skal erstattast av eit nytt folkevald regionalt nivå
5 med færre, større og sterkare regioner. Sterke regionar må ha politisk makt og
6 økonomiske ressursar. Regionane skal vere eit sjølvstendig og fullverdig
7 forvaltningsnivå, slik kommunane er det på lokalt nivå. Det krev ei omfattande
8 desentralisering av oppgåver, ansvar myndigheit og ressursar frå staten.

9 Ein framtidig Vestlandsregion må ha omfang og storleik som er funksjonell i forhold til
10 dei oppgåvene som skal løysast, og slik at innbyggjarane kan identifisere seg med og
11 ha eigarskap til regionen.

12 Ein viktig føresetnad for meir lokalt sjølvstyre, er god finansiering. Venstre vil styrke
13 det regionale nivået sine moglegheiter for å påverke inntektene, og vil arbeide for at
14 ein større del av dei samla skatteinntektene går til det regionale nivået.

15

16 Venstre vil:

- 17 • Bidra til at ein nasjonal regionreform vert gjennomført på Vestlandet, der
18 Hordaland blir ein del av ein større Vestlandsregion
- 19 • Gje den nye regionen heilskapleg politisk, fagleg og finansielt ansvar for
20 oppgåver som i dag ligg til statleg nivå
- 21 • Arbeide for endring i fordeling av skatteinntekter slik at ein større del går til det
22 regionale nivået, der staten frå ein tilsvarande reduksjon

23

24 Forenkling og fornying

25

26 Offentleg sektor treng kontinuerleg fornying for å gje tidsriktige tenestetilbod. Tida
27 som går med til administrasjon og byråkrati må avgrensast, slik at direkte aktivitet
28 som kjem innbyggjarane til gode får størst mogleg plass.

29 Digital kommunikasjon er eit viktig verktøy for forenkling og fornying, og må vere
30 hovudregelen for kommunikasjon mellom fylkeskommune og innbyggjarane.

31 Papirbaserte løysingar skal veljast aktivt.

32

33 Venstre vil:

- 34 • Ta initiativ til eit fornyingsprosjekt som har som mål å redusere og forenkle
35 byråkratiske kontrollsystem
- 36 • Vidareføre arbeidet med å ta i bruk og vidareutvikle digitale løysingar innanfor
37 opplæringsektoren og i kollektivtilbodet

38

39

40

41

42

43

44

45

46

47

48

49

Kapittel 2: Transport og kommunikasjon

God infrastruktur er viktig for miljøet og for næringslivet. Eit godt kollektivtilbod er ein føresetnad for berekraftig vekst, spesielt i Bergensregionen, medan trygge vegar og stabile ferjesamband er viktig for distrikta. Venstre vil planlegge alle nye større samferdsleprosjekt i ein større samanheng for regionane.

Meir buss og bane

Veksten i talet på reisande i byane må takast med kollektivtransport. Bybanen må vidareutviklast som hjørnesteinen i kollektivsystemet i Bergen. Det er viktig å sikre ei samhengande utbygging av Bybanen til alle bydelane, og til dei folkerike områda kring Bergen. Trolleybuss, og moglege batteri/hybrid-versjonar er eit godt, utsleppsfritt supplement til ein bybane, og må bli hovudkonseptet for såkalla "E-buss" E-bussar må utgjere grunnstamma i kollektivnettet der dette vert etablert. Hordaland Venstre er opne for nye og innovative teknologiske løysingar men vil først og fremst utvikle og gjere dagens løysingar best mogleg.

I den nære framtida er det likevel bussen som held fram som arbeidshesten i kollektivtransporten, særlig utanfor Bergen. Venstre vil redusere talet på takstsoner, slik at busstilbodet vert enklare.

Det er viktig at kollektivtilbodet er tilgjengeleg for alle. Venstre vil at all kollektivtransport, både bane, buss, og båt, skal vere universelt utforma. Det er viktig å etablere gode kollektivvaner i tidleg alder, Venstre ynskjer difor å legge til rette for ungdom og vurdere ungdomskort og for ungdomsskuleelvar.

For å sikre god framkomme for bussane, vil Venstre ha fleire kollektiv- og sambruksfelt. Det er også viktig at det blir enklare mogleg å nytte kollektivtransport. Derfor vil vi forenkle billettsystemet, mellom anna ved å gje folk høve til å velje mellom månadskort med eller utan nattbuss inkludert.

Venstre ynskjer at reisande skal ha færreast mogleg overgangar og at rutetrafikk må ha gode ordningar med korrespondanse. Det må òg gjelde for gjennomgangstrafikk som ikkje blir styrt av fylkeskommunen. Fylkeskommunen må gå i dialog med aktuelle selskap om å få til eit meir heilskapleg tilbod.

Venstre er for at kollektivtransporten fortsatt blir satt ut på anbod, men miljø og kvalitet må bli viktigare i anbodskriteriane.

For at det skal bli enklare å bytte frå bil til buss, båt eller bane, vil Venstre ha fleire innfartsparkeringsplassar både i Bergen og i sentrale regionar. Det må òg bli enklare å nytte seg av tilbod som spontan samkøyring.

Å få ned biltrafikken i Bergensområdet er viktig, både for å få ned lokal forureining og utslepp av farlege klimagassar, og for å få bort køane. Vårt mål er å få ned biltrafikken med 10 % innan 2020.

Venstre vil vere ein pådrivar for opprusting av Bergensbanen. Reisetida på Bergensbanen må bli konkurransedyktig med fly. Ei opprusting av jernbanen mellom Voss og Bergen er positivt for regionen og må prioriterast. Å konkurransesette

1 Gjøvikbanen har gitt gode resultater, og vi vil vurdere å gjere det same med
2 Vossabanen.

3
4 Ved endring i takstsonar i Hordaland, bør også lokaltoget mellom Voss og Bergen bli
5 ein del av kollektivtilbodet i fylket. Det er ein føresetnad at staten gjennom
6 eigarskapet i NSB støtter opp om dette. Strekninga Arna – Bergen sentrum må
7 prioriterast først.

8
9 Ansvar for kollektivtrafikken skal fortsatt ligge til Hordaland Fylkeskommune, men i
10 planlegging av framtidig infrastruktur må det eit tettare samarbeid med Bergen og
11 omegnskommunane til for å sikre berekraftig samanheng mellom arealplanlegging og
12 kollektivsatsing. Eit slikt samarbeid må og sjåast på i samband med kommune- og
13 regionreforma. Viss Bergen kommune ender opp med ansvaret, er det naudsynt å
14 etablere ein styreform for kollektivtrafikken som integrerer dei folkerike
15 omegnskommunane på ein god måte.

16 17 18 **Venstre vil:**

- 19 • bygge ut Bybanen til alle bydelane i Bergen
- 20 • få ned biltrafikken i Bergen med 10 % innan 2020
- 21 • redusere talet på takstsonar for buss i heile Hordaland
- 22 • bygge meir innfartsparkering både kring Bergen og regionsentra ellers i fylket
- 23 • ruste opp Bergensbanen
- 24 • sette drifta av Vossabanen ut på anbod
- 25 • utvide trolley-buss tilbodet og satse på e-bussar
- 26 • leggje større vekt på miljø og kvalitet i anbodskriteria
- 27 • at all offentlig transport skal vere universelt utforma
- 28 • legge betre til rette for spontan samkjøring
- 29 • legge til rette for ungdom, og vurdere ungdomskort for ungdomsskuleelevar
- 30 • gje fylkeskommunen ansvaret for drifta av Vossabanen
- 31 • etablere fleire kollektiv- og sambruksfelt, og gje bussen prioritet i lyskryss
- 32 • vurdere å gje ansvaret for kollektivtrafikken til Bergen kommune i samband
33 med kommune- og region reforma
- 34 • Har som mål å fjerne aldersgrensa på Studentskyss samt inkludere nattakst
35 i Ungdomsskyss.

36 37 **Trygge og gode vegar**

38
39 Ferjefri kyststamveg er prioritet nummer ein når det kjem til vegbygging i Hordaland.
40 Ein effektiv kyststamveg er det viktigaste og mest omfattande næringspolitiske
41 verkemiddelet for kommunane langs kysten. Venstre vil prioritere reisetid og
42 samfunnsnytte i val av trasear på strekninga.

43
44 På andre vegstrekningar vil Venstre arbeide for rassikring, trygggleikstiltak og auka
45 standard. Det er naudsynt å arbeida for eit godt samband austover som kan sikre
46 god kommunikasjon og unngå vinterstenging så langt råd er, men Venstre vil
47 prioritere ein betre jernbane mellom aust og vest før ei opprusting av vegsambandet
48 på same strekninga.

49

1 Fylkesvegane i Hordaland må bli sikrare, og det må leggjast betre til rette for syklistar
2 og fotgjengarar, mellom anna med betre lystilhøve. Venstre vil få laga ein plan for lys
3 langs skulevegar på dei fylkeskommunale vegane. Vi vil og byggje ut gang- og
4 sykkelvegnettet i fylket.

5
6 Venstre vil ha fortgang i arbeidet med å flytte E39 ut av Bergensdalen, og på den
7 måten fjerne gjennomgangstrafikk frå allereie pressa område. Vi ynskjer at ein ny
8 Ringvei Aust frå Arna må få innslag sør for Fjøsangerområdet, saman med ei
9 ferdigstilling av Ringvei Vest byggetrinn 3.

10
11 I samferdslepolitikken er det òg viktig å sikre god tilkomst til regionsentra i fylket.
12 Kortare reisetid til sentra som Straume, Leirvik, Knarvik, Odda, Norheimsund og
13 Voss – vere seg med bil, båt, buss eller tog – er ei prioritert oppgåve.

14

15 **Venstre vil:**

- 16 • prioritere ferjefri, trafiksikker og effektiv kyststamveg
- 17 • sikre eit godt vegsamband austover
- 18 • arbeide for rassikring, tryggleik og auka standard på fylkesvegane
- 19 • lage ein plan for veglys langs fylkeskommunale skulevegar
- 20 • byggje ut gang- og sykkelvegar i Hordaland
- 21 • sikre kortare reisetid til Bergen og andre regionsentra
- 22 • flytte E39 ut av Bergensdalen
- 23 • alle nye veitrasear i bebygde strøk skal ha gang- og sykkelfelt

24

25 **Båt- og ferjetransport**

26

27 Venstre vil ha gode ferjesamband i Hordaland. Eit effektivt ferjetilbod der det er
28 naudsynt, er både god næringspolitikk og god miljøpolitikk. Vi vil fortsette arbeidet
29 med å redusere utsleppa frå den sjøgåande transporten, og vil auke støtta til
30 pilotprosjekt som til dømes elektrifisering av ferjemateriell. I krava til driftsselskapa
31 må det leggast større vekt på auka krav til reduksjon av utslepp.

32

33 Eit effektivt transportsystem på sjø vil redusere biltrafikken. Hurtigbåtane skal
34 fungere som vanlege bussar, spesielt for arbeidsreiser, kor ein nyttar same
35 billetter/kort og med korresponderande bussar på land.

36

37 Venstre har som overordna mål at meir gods må over på bane og sjø. Ei av dei
38 største transportutfordringar i åra framover er å sikre ei ny og effektiv hamn i
39 Bergensområdet. Venstre meiner derfor at det er naudsynt å etablere ei ny
40 godshamn som sikrar at hamna kan flyttast ut av Bergen sentrum, og handtere det
41 Bergensregionen sjølv treng av kapasitet.

42

43 **Venstre vil:**

- 44 • ha meir elektrifisering av ferjemateriell der det er mogeleg
- 45 • leggje større vekt på miljø og kvalitet i anbodskriteria for både hurtigbåt og
46 ferje
- 47 • flytte godshamna frå Bergen sentrum

48

49

50

1 Miljø og klima

2 - Ein grøn kurs og eit moderne Hordaland

3
4 *Klimatiltak er ein billig forsikring for å redusere skader som følge av global*
5 *oppvarming i framtida. Venstre sitt mål er å gjere Norge til ein ledande nasjon på*
6 *fornybar energi, klimateknologi og ny teknologi som reduserer Co2 utslipp i olje og*
7 *gassproduksjonen Venstre vil utnytte muligheten som ligg i grønn innovasjon og*
8 *fornyning, og bygge framtidsa nye og konkurransedyktige næringsliv.*
9

10 11 Klimautfordringane

12 13 Venstre vil:

- 14 • Gjennomføre ein overgang frå fossilt brensel til fornybar energi
- 15 • Elektrifisere bilparken
- 16 • Prioritere biodrivstoff frå avfall og anna, framfor biodrivstoff laga av mat
- 17 • Revidere fylkesdelplan for vindkraft
- 18 • Videreføre ordninga med miljøfyrtårnsertifisering
- 19 • Auka satsing på utbygging av fornybar energi

20
21 Det er i kommunane dei største heilskaplege tiltaka kan gjennomførast. Venstre
22 ynskjer at alle kommunane i Hordaland skal bli klimanøytrale; at alle kommunale og
23 fylkeskommunale innkjøp skal vere miljømerka; at kommunale og fylkeskommunale
24 verksemdar vert miljøsertifiserte og at alle nye kommunale og fylkeskommunale bygg
25 vert bygde som lågutsleppshus. Slik sikrar me ikkje berre at Hordaland reduserer
26 klimagassutsleppa sine i høve til våre forpliktingar, men me sikrar òg at fylket tek
27 steget over i ein konkurransedyktig, framtidsretta grøn økonomi.

28
29 Dei tre store kjeldene til klimagassutslepp er transportsektoren, industrien, og
30 bygningar. I Hordaland står bygningar åleine for halvparten av energiforbruket.
31 Venstre vil ved hjelp av tiltaka frå klimaplanen redusere energiforbruket med 20 %
32 fram mot 2020. Det viktigaste arbeidet her må gjerast i kommunane.

33
34 Overgangen til produksjon og bruk av meir fornybar energi gjer det både naudsynt og
35 på sin plass å elektrifisere den offentlege bilparken. Nye bilar eigde av
36 fylkeskommunen bør nytte elektrisitet eller biogass som drivstoff. Det må også
37 leggjast godt til rette for at privatpersonar kan nytte elbil, også i distrikta. For også å
38 sikre god produksjon av meir fornybar energi vil Venstre ta initiativ til å revidere
39 fylkesdelplanen for vindkraft, som også ser på moglegheiter for offshore vindkraft.

40
41 Hordaland er det største vannkraftfylket i Norge. Auka bruk av fornybar energi og
42 miljøvenlege løysingar krev auka utbygging av infrastrukturen for kraft. For mellom
43 anna å leggje til rette for fornybar energi vil Venstre ha ein strategi for å ta vare på
44 forsyningstryggleiken. Ein slik plan må òg inkludere utfordringane for produsentar av
45 fornybar energi og sektoren sine kunnskapsbehov. Venstre ser at det kan oppstå
46 motsetnad mellom klassisk naturvern og kampen mot klimaendringane.

47
48 Me ynskjer nye, framtidsretta retningslinjer for infrastrukturen for kraft i Noreg. Dei må
49 ta omsyn både til lokalsamfunna sine ynskjer og storsamfunnet sine behov.
50 Høgspentliner i luftspenn der det kjem i skarp konflikt med naturvernomsyn eller

1 næringsinteresser er ikkje gode løysingar. For å auke delen av fornybar energi som
2 kan nyttast i eit moderne straumnett vil Venstre stimulere til etablering av
3 småkraftverk der dette ikkje kjem i konflikt med naturvernomsyn. Vidare er det viktig
4 å legge til rette for straumsparing og forbruksreduksjon, og Venstre ynskjer at
5 Hordaland fylkeskommune skal arbeide for at prissetjinga i kraftmarknaden vert vridd
6 frå nettleige til forbruk.

7

8 **Naturvern**

9

10 **Venstre vil:**

11

- 12 • Styre utbygginga av kraftverk i samsvar med vedtatte planar og leggje vekt på
- 13 landskapsvern, friluftsliv og biologisk mangfald
- 14 • Kartleggje livsvilkåra til dei store rovdyra i fylket.
- 15 • Ha ei bærekraftig oppdrettsnæring
- 16 • Unngå høgspennliner i luftspenn der det kjem i konflikt med særlig viktige
- 17 naturvernomsyn
- 18 • Prioritere vannkraftutbygging med magasin og der det er naturinngrep frå før

19

20 Venstre vil ta vare på det biologiske mangfaldet i Hordaland – av omsyn til dei som
21 bur her i dag, med tanke på framtidige generasjonar av hordalendingar og av omsyn
22 til naturen sjølv. Naturen sitt eige verd må ikkje undervurderast. Venstre ynskjer å få
23 på plass ein plan for rovdyrforvaltninga i fylket.

24

25 Venstre meiner oppdrettsnæringa må moderniserast slik at ho vert meir berekraftig
26 og samstundes opprettheld sin posisjon som ein viktig og konkurransedyktig del av
27 næringslivet i Hordaland. Det må stillast strengare krav til reduksjon av lakselus og
28 rømming av fisk, og satsast meir på forskning og utvikling i oppdrettsnæringa. Slik
29 sikrar ein både levekåra for villaksen og sjøauren, og oppdrettsnæringa.

30

31 Venstre bør ha som mål at Noreg skal ha eit sterkt fokus på dyrevelferd. Det bør
32 stillast krav til menneske som har dyr i si varetekt, om at dei har kunnskap om dyra
33 sine åtferdsbehov og krav til ernæring, sosialt og fysisk miljø. Dyr skal haldast i miljø
34 som gir god livskvalitet, og funksjonsfriske dyr skal vere ein føresetnad for alle typar
35 avl. Dyr har ein eigenverdi, og handtering av dyr skal skje med omsorg og respekt for
36 dyra sin eigenart.

37

38

39

40

41

42

43

44

45

46

47

48

49

50

1 Næring og kultur

2 - Eit nyskapande Hordaland

3
4 *Vår tid er prega av teknologiske endringar som skjer hurtigare enn nokon gong*
5 *tidlegare. Difor er eit nyskapande, omstillingsvillig næringsliv ein føresetnad for å*
6 *sikre arbeidsplassar og velferd i framtida. Det offentlege si rolle er å leggje til rette for*
7 *utvikling av eksisterande bedrifter og for stimulere til at nye bedrifter vert skapt. For å*
8 *lukkast meistar det offentlege saman med næringslivet ut overordna strategiar for*
9 *næringsutvikling. Hordaland fylkeskommune har her ei viktig rolle som regional*
10 *drivkraft, og støttespelar for kommunane.*

11

12 Næringsutvikling

13 Venstre vil:

- 14 • Auka satsing på Ungt Entreprenørskap i vidaregåande skule.
- 15 • Følgje opp nystarta verksemdar med internasjonalt vekstpotensial
- 16 • Styrke samspelet mellom FoU-institusjonar og næringslivet, for enno betre å
- 17 imøtekomme behova til næringslivet
- 18 • legge tilrette for innovasjon i etablerte næringar som allereie har gode
- 19 føresetnader for vekst og utvikling
- 20 • bidra til klyngeutvikling og utvikling av nye, innovative næringsmiljø med
- 21 vekstpotensiale
- 22 • prioritere næringsretta verkemiddel til regionale sentre
- 23 • Dimensjonere utdanningstilbodet i den vidaregåande skulen meir i samsvar
- 24 med næringslivet sine behov.
- 25 • Fortsetje satsinga på inkubatorar og næringshagar.
- 26 • Vidareføre arbeide med lokalmat og Hordaland som matkultur region

27
28
29
30 Venstre vil at Hordaland skal bli leiande på næring i Noreg, og vil føre ein politikk
31 som fremjar nyskaping og gründerskap. Her er Ungt Entreprenørskap i skulen særleg
32 viktig. Ein vesentleg del av elvar med utdanning i entreprenørskap startar eiga
33 verksemd.

34
35 Ein god næringspolitikk er avhengig av ein god politikk for kunnskapsutvikling,
36 forskning og nyetablering. For å få dette til må fylkeskommunen ha eit godt samarbeid
37 dei høgare utdannings- og forskingsinstitusjonane i fylket. Venstre vil strekke seg
38 langt for å imøtekomme dei strategiske ynskja frå mellom anna Universitet,
39 Høgskulane og andre regional aktørar.

40
41 Reiselivssektoren har lange tradisjonar i Hordland, og står for ein viktig del av
42 verdiskapinga. Venstre vil stø opp om NCE-satsinga, vidareutviklinga av
43 destinasjonsselskap, og arbeide for betre kompetanse i sektoren.

44
45 Venstre vil og støtte opp om arbeidet med å gjere Hordaland til eit internasjonalt
46 kraftsenter for marin kompetanse.

47

48 Landbruk

1
2 Landbruket i Hordaland må ta sin del av ansvaret for ei berekraftig utvikling. Venstre
3 ynskjer å oppmuntre i aukande grad til økologisk jordbruk, og til utsleppsreduksjon i
4 jordbrukssektoren. Landbruket utgjer ein viktig del av løysinga på klima- og
5 energisida, og det er bruk for ei teknologiutvikling som fremjar rein energi og binding
6 av klimagassar.

7
8 Gardsstrukturen på Vestlandet er slik at det er naudsynt med nytenking og nye idear
9 for at landbruket skal overleve som ei dynamisk næring.

10
11 Venstre vil leggje til rette for meir nisjeproduksjon og ein breiare og meir variert
12 landbrukssektor som legg større vekt på kultur, kulturlandskap, turisme og
13 opplevingar knytte til god mat og drikke.

14
15

16 **Kultur**

17
18 *Kultur har eigenverdi, men kultur heng og saman med næring, både fordi kulturbasert*
19 *næringsliv er eit viktig satsingsområde og fordi eit blomstrande kulturliv i seg sjølv gir*
20 *synergjar for næringslivet.*

21

22 **Venstre vil:**

23

- 24 • Styrke satsinga på produksjons- og formidlingsmiljø for film på Vestlandet
- 25 • Legge til rette for verdiskaping knytt til kulturminner.
- 26 • Vidareføre arbeidet med lokale kulturminneplanar i samarbeid med
27 kommunane
- 28 • Utvikle attraksjonar knytt til viktige kulturhistoriske landskap i Hordaland.
- 29 • Arbeide for å styrke fokuset på arkitektur i by- og tettstadutvikling
- 30 • Utvikle samarbeid mellom kulturlivet, FoU og Media City Bergen.
- 31 • Auke andelen nynorskproduksjonar i Den kulturelle skulesekken, og den
32 kulturelle spaserstokken
- 33 • styrke Hordaland teater som nynorskarena og kunstinstitusjon.
- 34 • Styrke satsinga på frivillige kulturaktørar,
- 35 • Styrke musea andsynes drift og investering, og arbeide for etablering av
36 museum Nordhordland.
- 37 • Etablere verdsarvsenter på Bryggen.
- 38 • Vidareføre satsinga på Hardingfelesenter i Hardanger.
- 39 • Vidareutvikle biblioteka som møtestader for menneske med ulik kulturell- og
40 sosial bakgrunn.

41

42 Venstre byggjer kulturpolitikken på toleranse og mangfald, og tek utgangspunkt i den
43 eigenverdi kulturen har for den einskilde og samfunnet. Samstundes legg kultur og
44 grunnlaget for mykje nærings- og distriktsutvikling i Hordaland.

45

46 Venstre vil arbeide for ei langsiktig kultursatsing i samarbeid med kommunane og
47 kunst- og kulturinstitusjonane. Hordaland er eit kulturelt tyngdepunkt i nasjonal og
48 internasjonal samanheng, mykje på grunn av Bergen by. For Venstre er det viktig at
49 fylkeskommunen tek aktivt del i vidareutviklinga av kulturbyen Bergen. Vidare må
50 fylkeskommunen prioritera utvikling av attraksjonar, festivalar og kulturbasert

1 næringsutvikling i heile fylket. Dessutan er kulturminnevern og formidling av
2 kulturminner svært viktig.

3
4 Kulturformidling til born og unge er eit satsingsområde for Venstre og den kulturelle
5 skulesekken er ei viktig verkemiddel. Slik formidling av kulturopplevingar i samarbeid
6 med lokale og regionale kunst- og kulturoperatørar bør utviklast vidare. Musea er
7 viktige for å ta vare på og formidle fortida og må difor styrkast. For å sikre
8 uavhengige og godt finansierte kulturinstitusjonar også i framtida, må
9 fylkeskommunen legge betre til rette for at institusjonane kan utvikle andre
10 finansieringskjelder, som til dømes private bidrag.

11 12 **Idrett og friluftsliv**

13
14 Hordalandsnaturen gjev gode høve til friluftsliv og naturopplevingar. Friluftsliv er ei
15 god kjelde til trivsel og folkehelse. Venstre meiner det er viktig å leggja til rette slik at
16 alle, inkludert menneske med funksjonshemmingar, lettare kan komme seg ut i
17 naturen. Me vil støtte idretten mellom anna ved å satsa på gode anlegg.

18 19 **Venstre vil:**

- 20
- 21 • Tilrettelegge minst eitt universelt utforma friluftsområde i kvar kommune
- 22 • Sikre og støtte tilrettelegging av friluftsområde i nærleiken av bustadområde i
- 23 tettstadar og byar.
- 24 • Satse på prosjekt for merking og gradering av turløyper.
- 25 • Støtte anlegg som oppmodar til auka aktivitet hjå barn og unge.
- 26 • Tilrettelegge for meir fysiske aktivitet i den vidaregåande skule.
- 27 • Vidareføre det gode samarbeidet med fylket sine to friluftsråd
- 28

29 Det er ein utfordring å vri satsing frå å reparere/behandle til å førebygga og
30 helsefremja. I mange tilfelle er det tale om «friske folk» som det vert satt inn tiltak
31 mot. Fysisk aktivitet enten det er gjennom aktivitet i idretten eller som aktivitet i
32 friluftslivet er det viktige komponentar i eit heilskapleg helseperspektiv i ramma av eit
33 godt liv og ha ein positiv effekt på folkehelsa. Me har rett og slett ikkje råd til å la vere
34 å satse førebyggjande og helsefremjande.

1 Skule og opplæring

2 3 - Fokus på elevane sine ynskje, evner og behov

4
5 Kjernen i den liberale ideologien er fridom til personleg utvikling. Kjelda til den
6 positive fridomen finn ein i utdanninga – det er gjennom skulen at samfunnet gjer dei
7 komande generasjonane i stand til å ta ansvar for sine eigne liv, for sine
8 medmenneske og for verda ikring dei. Venstre vil ha ein skule der den einskilde
9 eleven får oppfylt sine ynskje, utvikla sine evner og dekkja sine behov.

10 11 Vidaregåande skule

12 13 Venstre vil:

- 14 • Redusere fråfallet i skulen
- 15 • Gje lærarane meir tid til undervisning gjennom reduserte krav til rapportering
- 16 • Auke satsinga på internasjonalisering for elevar i den vidaregåande skulen
- 17 • Gjere det mogeleg å søke opptak til friskular via opptakssystemet VIGO
- 18 • Utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule
- 19 • Oppretthalde Manger folkehøgskule som eit senter for korpsmusikk, og
- 20 overføre ansvaret for skulen til eiga stifting.

21
22 Venstre meiner nykelen til ein god skule er fridom, mangfald, læring og motivasjon.
23 Politikarane si rolle er å setje skulane og lærarane i stand til å gjere jobben sin på ein
24 best mogleg måte. Me legg difor til grunn at størst mogleg fridom innanfor eit
25 heilskapleg rådeverk gjennom lovverk og læreplanar er løysinga på utfordringane
26 den vidaregåande skulen står overfor.

27
28 Venstre vil gjennomføre dette i praksis ved å auke handlefridomen i skulen. Ordninga
29 med fritt skuleval for elevane må halde fram. Slik sikrar me både valfridom for den
30 einskilde, og ei god geografisk spreining av skular i fylket. Friskular er eit tilbod for dei
31 få, så lenge det ikkje er mange nok av dei å velje mellom, og Venstre er positiv til at
32 det vert etablert friskular i Hordaland. Om skular ynskjer prøveprosjekt med
33 toppklassar, må dei få høve til det. Alle læremiddel skal ligge føre på nynorsk og
34 bokmål til same tid.

35 36 Fråfall i vidaregåande skule

37 38 Venstre vil:

- 39
40 • Styrke rådgjevarene sin kompetanse og rolle overfor elevar som treng
- 41 rådgiving om val av studieretning.
- 42 • At fylkeskommunen overtek ansvaret for skulehelsetenesta
- 43 • Legge til rette for alternative vegar til fagbrev gjennom til dømes betre
- 44 informasjon i sjølve søknadsprosessen (VIGO)

45
46 Fråfall i den vidaregåande skulen er ei stor samfunnsutfordring. Allereie på
47 ungdomsskulenivå kan effektive tiltak setjast i gong for å hindre fråfall i den
48 vidaregåande skulen. Samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane er
49 naudsynt for å hindre fråfallet. Informasjonsutvekslinga må betrast samtidig som

1 personvernet til elevane vert tatt vare på. Venstre vil og tilby
2 leksehjelp/ekstraundervisning til dei som treng det.

3

4 Venstre meiner at skulehelsetenesten for denne elevgruppa må overtas av
5 fylkeskommunen slik at den kan tilpassast den einsskilde skules behov. Venstre vil
6 setje strengare krav til rådgjevarane sin kompetanse ved at rådgjevarane skal ha ei
7 heilskapleg forståing for samanhengen mellom elevane sine føresetnader, skulane
8 sine tilbod og kva næringslivet treng.

9

10 **Yrkesfag**

11

12 **Venstre vil:**

- 13 • Styrke samarbeidet med det lokale næringslivet om arbeidstrening og
14 elevverksemder
- 15 • Legge til rette for alternative vegar til fagbrev gjennom til dømes betre
16 informasjon i sjølvse søknadsprosessen (VIGO)
- 17 • Sikre at alle lærlingar får læreplass
- 18 • Ha oppfølging og god kontakt mellom skulen og lærlingane
- 19 • Auka satsing på opplæringskontor
- 20 • Styrke og utvide ordninga med lære kandidatatar
- 21 • Gjere det enklare å starte direkte i lære etter grunnskole, kombinert med faglig
22 oppfølging

23

24 Dei yrkesfaglege studieretningane i den vidaregåande skulen er det viktigaste
25 satsingsområdet for Venstre i denne perioden. Yrkesfag representerer ei av dei
26 viktigaste kjeldene til næringsutvikling og nyskaping på Vestlandet, samstundes som
27 utfordringar knytte til fråfall er størst i denne delen av opplæringa.

28

29 Venstre vil auke fokuset på arbeidstrening og nyetablering ved å styrke samarbeidet
30 med det lokale næringslivet og satse vidare på elevverksemder og gründerkurs.
31 Elevar på yrkesfag må verte tilbydde ei meir fleksibel læretid, både med omsyn til
32 korleis læretida vert lagt opp, og når ho finn stad. Det må sikrast at alle elevar får
33 lærlingplass, og oppfølginga må bli betre.

34

35 **Studieførebuande opplæring**

36

37 **Venstre vil:**

- 38 • Styrke samarbeidet mellom skulane og dei høgare utdanningsinstitusjonane
- 39 • Auke fokuset på entreprenørskap og nyetablering i skulen
- 40 • Betre studierådgjevinga

41

42 Den studieførebuande opplæringa i Hordaland kan styrkast ved å auke samarbeidet
43 med dei høgare utdanningsinstitusjonane i fylket. Venstre vil gjere det enklare for
44 skulane å gjere bruk av kompetanse frå universitetet og høgskular, til dømes
45 gjennom å gje skuleelevar høve til å følgje undervisning på høgare nivå.
46 Studierådgjevinga må bli betre, og ha meir kontakt med utdanningsinstitusjonane og
47 næringslivet. I tillegg er det viktig med eit større fokus på entreprenørskap og
48 nyetablering, og med det å sikre at elevane er medvitne kring korleis dei skal omsetje
49 kunnskap til praktisk nytte og eiga utvikling.

50